

Høyring av forslag til lokal forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Sula kommune for 2027

Saksnr.: 26/4741

Dato: 08.09.2026

Høyringsfrist: 20.10.2026

Innleiing

Sula kommune sender med dette forslag til lokal forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Sula kommune for tilskotsåret 2027 på høyring. Høyringa vert gjennomført i samsvar med forvaltningslova § 37.

Forslaget byggjer på endringar i barnehagelova og ny forskrift om finansiering av private barnehagar fastsett av Kunnskapsdepartementet 23. mars 2026. Her under kalla finansieringsforskrifta. Kommunen har nytta KS og PBL si berekningsmodell og rettleiing som grunnlag for berekning av satsar og dokumentasjon av berekningsgrunnlaget.

Til høyringa følgjer:

- forslag til lokal forskrift
- dokumentasjon av berekningane
- dette høyringsdokumentet

1. Samandrag

Frå 2027 skal kommunane fastsetje satsar for grunntilskot til private barnehagar gjennom lokal forskrift. Satsane skal ikkje lenger fastsetjast gjennom årlege enkeltvedtak.

Sula kommune har berekna satsane med utgangspunkt i kommunerekneskapen for 2025, justert i samsvar med krava i finansieringsforskrifta. Forslaget omfattar satsar for ordinære private barnehagar. Kommunen har ikkje halde utgifter utanfor berekningsgrunnlaget etter barnehagelova § 19 a andre ledd, og det er difor ikkje foreslått egne satsar for ekstra grunntilskot.

For opne barnehagar vert nasjonal sats nytta.

Kommunen ønskjer tilbakemelding på om berekningsgrunnlaget og dei vurderingane som er gjorde er tilstrekkeleg dokumenterte og etterprøvbare.

2. Formål

Formålet med forskrifta er å fastsette satsar som skal nyttast ved berekning av tilskot til private barnehagar i kommunen for tilskotsåret 2027.

3. Rettsleg grunnlag

Forskrifta er heimla i:

- lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar §§ 19 og 19 a
- forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar § 1

Kommunen si plikt til å fastsetje satsane i lokal forskrift følgjer av finansieringsforskrifta § 1. Høyringa vert gjennomført etter forvaltningslova § 37, medan kunngjering av vedteken forskrift skjer etter forvaltningslova § 38.

4. Berekningsgrunnlag og metode

Kommunen har nytta KS og PBL sin berekningsmodell som grunnlag for berekning av satsar og dokumentasjon til utrekning sats til ordinære godkjente private barnehagar. Utrekningane er publisert i lag med resten av høyringa på kommunen sine heimesider.

Satsane er berekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommuneregnskap som er regnskapsåret 2025.

Reglane skal bidra til likebehandling og forutsigbarheit for barnehagedrifta og effektiv ressursbruk. Grunntilskotet til den enkelte barnehage bereknast ut frå satsar per heltidsplass for barn under 3 år og barn over 3 år, fastsett i lokal forskrift.

Deflator

Sidan berekningsgrunnlaget byggjer på rekneskapstal som ligg to år tilbake i tid, skal satsane prisjusterast med kommunal deflator. Endeleg deflator for 2027 er ikkje fastsett når høyringa vert gjennomført. Berekningane byggjer derfor på gjeldande anslag.

Kommunen tek atterhald om at satsane kan bli justerte dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- det vert avdekt feil i berekningsgrunnlaget
- det kjem nasjonale regelendringar som påverkar berekningane

Teljing av barn og heiltidsplassar i kommunale barnehagar

Dei kommunale barnehagane si årsmelding frå året før regnskapsåret og årsmeldinga (basil) frå regnskapsåret er lagt til grunn ved berekninga av heiltidsplassar. Teljing blir gjennomført etter § 2 i finansieringsforskrifta.

Ekstra grunntilskot

Barnehagelova opnar for at kommunen kan halde særlege driftsutgifter eller utgifter knytte til særlege behov i barnegruppa utanfor berekningsgrunnlaget for grunntilskot. Dersom slike kostnader vert haldne utanfor, skal kommunen fastsetje eigne satsar for ekstra grunntilskot. Sula kommune har ikkje halde slike kostnader utanfor berekningsgrunnlaget. Det er derfor ikkje foreslått eigne satsar for ekstra grunntilskot.

5. Forslag til satsar

Forslag til satsar går fram av vedlagt forskrift.

Satsane kan bli oppdaterte administrativt dersom endringar i deflator, foreldrebetaling eller berekningsgrunnlag gjer dette nødvendig.

6. Berekningsgrunnlaget – kva kostnader inngår?

Berekningsgrunnlaget er kommunen sine ordinære driftsutgifter (KOSTRA-funksjonane 201 og 221), fråtrekt:

- Administrasjonsutgifter som blir kompensert gjennom administrasjonspåslaget på 4,7%
- Foreldrebetaling. Sula kommune følger maksimalpris fastsett av Stortinget.
- Utgifter som vert dekt av andre tilskot enn rammetilskot, t.d. statlege øyremerka midlar og eigenandelar av desse.
- Pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift på pensjon. Pensjon vert kompensert gjennom eige pensjonstilskot.

Administrasjonspåslag

Administrasjonsutgiftene er ikkje med i berekningsgrunnlaget. Administrasjonsutgifter vert i staden kompensert gjennom eit eige administrasjonspåslag på 4,7 prosent. Påslaget skal kompensere for administrative kostnader, som t.d. rekneskap, revisjon, administrative system og IKT som ikkje direkte kan samanliknast med kommunale fellesutgifter. Nokre utgifter på funksjon 201 vert dekt av administrasjonspåslaget, og er i modellen gruppert som «Annet». Dette er td. diverse IKT- utgifter og lønsutgifter knyt til IT sentralt i kommunen og felles administrasjon.

Forskrifta gir ikkje tydelege svar på kva som er integrert i påslaget. Dette gjeld blant anna IKT-utgifter. Sula kommune har valt å legge seg nær opp til praksis frå sats for 2026. Vi har valt å ta med fleire IKT-lisensar, som t.d. IST home føresettapp, Microsoft Office og breibandsutgifter. Kostnader til leasing av IPad og kjøp av pc til pedagogisk personale er også tatt med i berekningsgrunnlaget. Det er likevel her trekt frå 30 % som skal dekke den kostnaden IPad og PC vert nytta til å administrere kvar enkelt tilsett sine behov for å registrere løn, eigenmeldingar, avvik og anna HMT-arbeid. Bakgrunnen for innkjøp og leasing av digitale maskiner til alle fast tilsette, var nettopp å kunne ta del i kommunen sine administrative IKT-system som tilsett. Det er likevel 70 % som er med i berekningsgrunnlaget, då mesteparten av arbeidet blir gjennomført som ein del av den daglege drifta til barnehagen som planlegging, dokumentasjon og vurdering av pedagogisk arbeid.

Investeringar

Etter finansieringsforskrifta skal grunntilskotet til private barnehagar byggje på kommunen sine driftsutgifter, medan kostnader knytte til eigedom vert kompenserte gjennom det separate eigedomstilskotet. I 2025 er det gjennomført nokre investeringar i dei kommunale barnehagane som skal haldast utanfor grunntilskotet. Det er investert i eit nytt brannvarslingsanlegg med ny funksjonalitet i ein kommune barnehage. Det er gjennomført ferdigstilling av ombygging av toalett og etablering av nytt kjøkken med tilhøyrande bygningsmessige utbetringar og utvidingar som innsetting av ny dør og nytt vindauge, flytting av opningar og andre bygningsmessige tilpassingar i ein kommunal barnehage. Innkjøpet av PC-ar til pedagogisk personale er også rekneskapsført som investering, då dette var ei større fellesanskaffing for kommunen. Sula kommune har likevel vurdert at PC-ane i hovudsak er arbeidsreiskap knyt til den daglege drifta av barnehagen, og har derfor teke med 70 prosent av kostnaden i berekningsgrunnlaget. Dei resterande 30 prosentane er haldne utanfor som administrativ bruk, i tråd med vurderingane som ligg til grunn for administrasjonspåslaget.

Pensjonstilskotet

Pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift på pensjon er tekne ut av berekningsgrunnlaget for grunntilskotet. Pensjonstilskot vert no berekna individuelt for kvar private barnehage basert på eigne lønskostnader og pensjonsordningar.

Dette inneber at grunntilskotssatsane for 2027 ikkje kan samanliknast direkte med tidlegare driftstilskotssatsar utan at ein tek omsyn til at pensjonstilskot no kjem som eige tilskot.

Eigedomstilskot

Det tidlegare kapitaltilskotet er erstatta av eit eigedomstilskot. Eigedomstilskotet skal kompensere private barnehagar for kostnader knytte til eigarskap av barnehagebygg, mellom anna renter og avskrivningar. Det vert no nytta éin nasjonal sats for alle private barnehagar. Tidlegare var satsane differensierte etter godkjenningssår.

7. Open barnehage

Sula kommune har ikkje eigen kommunal open barnehage. Satsar til godkjente private opne barnehagar vert gitt etter nasjonal sats.

8. Spørsmål kommunen ønskjer belyst i høyringa

1. Er berekningsgrunnlaget og avgrensingane beskrive tydeleg nok til å kunne etterprøvast?
2. Er det oppdaga feil i kommunen sitt berekningsgrunnlag?
3. Er det forhold som bør presiserast før endeleg vedtak?

9. Høyringsfrist og innsending av innspel

Frist for å sende inn høyringsfråsegn er:

20.10.2026

Innspel sendast til:

[Skjema - Høyringsuttale](#)

post@sula.kommune.no

Merk innspelet med saksnummer 26/4741. Det bør gå tydeleg fram kva del av høyringsgrunnlaget innspelet gjeld.

10. Vidare prosess

Etter at høyringsfristen har gått ut, vil kommunen:

- gjennomgå alle innkomne høyringsinnspel
- ha eit møte med styrarar i dei private barnehagane

- utarbeide ei oppsummering av innspela
- vurdere behov for endringar i forskriftsutkastet
- leggje saka fram for politisk behandling
- vedta og kunngjere forskrifta innan gjeldande fristar

Sula kommune

Oppvekst